

Bergen, 21.11.22

Vår ref: 2020/1096
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

METcentre
v/Hanne Tvedt

Installasjon av bøyar ved TetraSpar

Visar til digitalt møte 4. november med representantar frå TetraSpar-prosjektet, METcentre, Norges Fiskarlag, Fiskarlaget Vest og Karmøy Fiskarlag. I utgangspunktet ønsker ikkje Fiskarlaget noko ytterlegare arealbeslag ved testområdet for vindturbinar vest for Karmøy. Fiskarlaget finn under tvil å kunne godta éin midibøye og to spotterbøyar tilsvarande alternativ 2 utan spotterbøye nr 2. Føresetnaden er at spotterbøyane blir fjerna under den mest aktive fiskesesongen 1. april – 31. oktober og at fiske kan foregå som normalt i denne perioden.

I tillegg må det lagast ein skriftleg avtale der følgjande blir stadfesta:

- Det kan utplassast éin midibøye og to spotterbøyar
- Spotterbøyane og fortøyingar må vere fjerna under den viktigaste fiskesesongen 1. april – 31. oktober, slik at fiske kan foregå som normalt
- Testperioden er over, og alt utstyr skal vere fjerna, innan slutten av mai 2025

Installasjonane må registrerast i sjøkart og eksakte posisjonar må sendast til Fiskarlaget Vest.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi: Karmøy kommune
Fiskeridirektoratet
Kystverket

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.